



Viktig informasjon til deg som skal røyste

Stortings- og sametingsvalet 2009



Valdagen er 14. september. Hugs legitimasjon!



Parliamentary election 14 September 2009. For information in English, please see page 7.

Parlamentarni izbori 14. septembra 2009. Za informacije na (jeziku), molimo vas pogledajte stranicu 7.

Doorshada baarlamaanka 14ka Sibteembar 2009. Wixii macluumaad ah ee la xiriira (luuqad), fadlan eeg bogga 7.

Bầu nghị viện ngày 14 tháng 9, 2009. Đã biết thông tin bằng tiếng Việt, vui lòng xem trang 7.

Parlamento seçimi, 14 Eylül 2009 tarihinde daha fazla bilgi için lütfen 8. sayfaya bakın.

الانتخابات البرلمانية في الرابع عشر من سبتمبر/أيلول لعام 2009. لمزيد من المعلومات باللغة العربية، راجع صفحة 8.

انتخابات پارلمان ۱۴ سپتامبر ۲۰۰۹ می باشد. برای اطلاعات به زبان فارسی، لطفاً صفحه ۸ را ملاحظه نمایید

پارلیمانی انتخابات ۱۴ ستمبر ۲۰۰۹۔ (اردو زبان) میں معلومات کیائے، برائے مہربانی صفحہ 8 دیکھیں



Stortings- og sametingsvalet 2009

Stortinget er Noregs folkevalde nasjonalforsamling. 169 representantar blir valde kvart fjerde år. Dei skal representere innbyggjarane i alle dei 19 fylka våre. Dei viktigaste oppgåvene til Stortinget er å vedta lover, bestemme statsbudsjettet og kontrollere regjeringa.

Sametinget er eit sjølvstendig, folkevalt organ og er det representative talerøret for samane. 39 representantar blir valde kvart fjerde år. Dei skal representere samar over heile Noreg. Sametinget fordeler sitt eige budsjett på bakgrunn av rammer som er gitt av sentrale styresmakter. På fleire område har Sametinget avgjerdsmyndigkeit.

Ver med og bestem kven som skal representere deg på Stortinget og på Sametinget dei neste fire åra. **Bruk røysta di!**

I denne brosjyren får du informasjon om korleis du går fram.

Valldagen er mandag 14. september 2009

Mange kommunar held òg val søndag 13. september


Hugs legitimasjon når du røystar! Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røystemottakaren, skal legitimere seg. Legitimasjonen kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilet, men du kan òg bruke annan legitimasjon. Kravet til legitimasjon er at han inneheld namnet på veljaren, fødselsdato og bilet.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon, som til dømes sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å bekrefte identiteten din.

Alle veljarar får tilsendt valkort. På valkortet finn du informasjon om kvar og når du kan røyste på valldagen. Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det sparer deg for tid. Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

Veljarar som har røysterett ved både stortings- og sametingsvalet, får to valkort.

Stortingsvalet



► Kven kan røyste?

Ved stortingsvalet er det berre norske statsborgarar over 18 år som har røysterett. Det held at ein fyller 18 år i løpet av valåret. Veljaren må vere, eller ha vore, registrert som busett i Noreg.

► Når og kvar kan du røyste?

På valldagen

må du røyste i heimkommunen din. Det er den kommunen du var registrert i folke-registeret som busett i den 30. juni 2009. Du kan røyste i kva vallokale som helst i kommunen. Sjå illustrasjonane på neste side som viser korleis du røystar på valldagen.

Røyste på førehand

kan du gjere fram til og med fredag 11. september i kva kommune som helst. Du røystar da på ein litt annan måte enn om du røystar på sjølve valldagen.


Slik røystar du på førehand:

- 1) Vend deg til ein valfunksjonær, som gir deg ein røystesetelkonvolutt og viser deg til eit valavlukke.
- 2) Finn røystesetelen du vil bruke, og gjer eventuelle endringar.
- 3) Røystar du utanfor ditt eige fylke, får du utdelt ein eigen røystesetel saman med røystesetelkonvolutten. På røystesetelen står namna på dei registrerte politiske partia, utan kandidatnamn. Du må da krysse av for eller skrive på kva parti/gruppe du vil røyste på. Du kan òg sjølv skaffe røystesetel frå ditt eige fylke og bruke den dersom du ønskjer å gjere endringar.
- 4) Legg røystesetelen i røystesetelkonvolutten.
- 5) Gå til valfunksjonæren, som legg røystesetelkonvolutten og valkortet ditt ned i ein omslagskonvolutt, som deretter blir lagd i valurna. Røysta blir send til heim-kommunen din for å bli tald opp.


Er du sjuk eller ufør, kan du søkje kommunen om å få røyste heime.

Kommunen informerer om når og kvar du kan røyste.


► Korleis røystar du på valdagen?




1 Ta den røystesetelen du vil bruke.



2 Gjer eventuelle endringar på røystesetelen (sjå rettleiing neste side).



3 Brett røystesetelen med partinamnet inn og feltet for stempeling ut – da kan ingen sjå kva du røystar. Det skal ikkje vere konvolutt eller anna omslag rundt røystesetelen.



4 Gå til ein valfunktjonær og få eit stempel på utsida av røystesetelen. Røystesetelen må ha stempel for å bli godkjend!




5 Legg den stempla røystesetelen i valurna.

► Korleis endrar du på røystesetelen?

Det er opp til deg om du vil endre på røystesetelen! Dersom du ikkje endrar på han, røystar du på kandidatane i den rekjkjefølgja dei står i på røystesetelen.

Slik kan du endre på røystesetelen:



Endre rekjkjefølgja på kandidatane

Set eit (nytt) nummer i ruta til **venstre** for namnet til kandidaten/kandidatane, slik at du markerer korleis du vil at rekjkjefølgja på kandidatane skal vere.



Stryke kandidatar

Set eit merke (kryss, hake eller liknande) i ruta til **høgre** for namnet til kandidaten/kandidatane du vil sryke.

Ikkje ver redd for å gjere endringar. Framgangsmåten står på røystesetelen. Røysta di blir ikkje forkasta sjølv om du gjer feil!

► Kven blir valde?

Mandata til Stortinget frå fylket blir fordelt mellom partia og gruppene etter kor mange røyster dei får.

Dersom meir enn halvparten av dei som røystar på eit parti eller ei gruppe i fylket, gjer endringar ved den same kandidaten, kan endringane vere avgjerande for kva kandidatar som blir valde. Elles blir kandidatane valde i den rekjkjefølgja dei står i på røystesetelen.

Du finn meir informasjon på www.valg.no

Godt val!


Sametingsvalet

Alle som har røysterett ved kommunestyreval, og som er innførte i Sametingets valmanntal, har røysterett ved sametingsvalet. Fristen for å registrere seg i Sametingets valmanntal er 30. juni. Har du røysterett ved både stortings- og sametingsvalet, kan du røyste ved begge vala.

Dersom du er registrert busett i ein kommune som hadde færre enn 30 personar med røysterett ved det førra sametingsvalet, kan du ikkje røyste valdagen. Da kan du i staden røyste på førehand. På Sametingets nettsider finn du ei oversikt over kva kommunar det gjeld.

Det er høve til å endre på røystesetelen ved å endre rekjkjefølgja på kandidatane. Det er ikkje høve til å stryke kandidatar.

Sametinget sender informasjon om sametingsvalet til alle som står i Sametingets valmanntal.



Du finn meir informasjon på www.valg.no eller www.sametinget.no
Godt val!

Informasjon om valet for framandspråklege

(Engelsk, bosnisk-serbisk-kroatisk, somali, vietnamesisk, tyrkisk, arabisk, persisk (farsi) og urdu)

- Norwegian citizens over the age of 18 years, or who turn 18 years of age in 2009, are entitled to vote in Norway's Parliamentary elections provided they are, or have been, registered as resident in Norway.
 - Election day is Monday 14 September. Many local authorities are also allowing votes to be cast on Sunday 13 September.
 - All registered electors will receive a polling card with information about where and how they can vote.
 - On election day, you must cast your vote in the municipal authority area in which you were registered as residing on 30 June 2009.
 - Advance votes may be cast in any municipal authority area up to and including Friday 11 September 2009.
 - Further information is available at www.valg.no. Translations of this information are also available from the local authorities.
 - Carry proof of identity with you!
-
- Građani Norveške koji imaju preko 18 godina ili koji su napunili 18 godina u godini izbora imaju pravo da glasaju na Parlamentarnim izborima Norveške ukoliko su, ili su bili, registrovani kao stanovnici Norveške.
 - Dan izbora je ponedeljak, 14. septembar 2009. Mnoge lokalne vlasti će takođe dozvoliti glasanje u nedelju, 13. septembra.
 - Svi registrovani glasači će dobiti poziv za glasanje sa informacijama o tome gde i kako mogu da glasaju.
 - Na dan izbora, morate glasati na području sa opštinskim ovlašćenjem u na kome ste registrovani kao stanovnik na dan 30. juna 2009.
 - Glasanje unapred se može obaviti na bilo kom području sa opštinskim ovlašćenjem do petka, 11. septembra 2009, uključujući i taj datum.
 - Za više informacija pogledajte www.valg.no. Prevod ovih informacija je takođe dostupan od strane lokalnih vlasti.
 - Ponesite dokaz o identitetu sa sobom!
-
- Muwaadiniinta Norweejyaanka ah oo ay dadoodu ka weyn tahay 18 sano, ama noqonaya 18 jir sanadka 2009, aaya xaq u leh in ay ka codeeyaan doorsashada Baarlamaanta Norway iyadoo lagu xirayo in ay ka diiwaan gashan yihii, ama ka diiwaan gashanaayeen, inay degan yihii Norway.
 - Maalinta doorashadu waa Isni 14ka Sibteembar. Degaano dowladda hoose ah oo badan aaya ogol in la codeeyo maalinta Axadda 13ka Sibteembar.
 - Dhammaan codbixiyeyaasha diiwaan gashan waxay heli doonaan kaarka codeynta oo ku qoran tahay goorta iyo sida ay u codeyn karaan.
 - Maalinta doorashada, waa in aad codkaaga ka dhiibataa nawaaxiga dowladda hoose ee aad ka diiwaan gashan tahay deganaansho ahaan 30ka Juun 2009.
 - Codka la hormarinayo aaya laga yaabaa in laga dhiibto goobo dowladda hoose ilaa Jimcaha 11ka Sibteembar 2009.
 - Macluumaa dheeraad ah waxaa laga heli karaa www.valg.no. Macluumaadkan oo tarjuman waxaa kale oo laga heli karaa dowladaha hoose.
 - Qaado warqad caddeyn ah!
-
- Công dân Na Uy trên 18 tuổi, hoặc đến tuổi 18 trong năm 2009, có quyền bỏ phiếu tại bầu cử Nghị viện Na Uy miễn là họ được, hoặc đã được đăng ký làm cư dân tại Na Uy.
 - Ngày bầu cử là thứ Hai ngày 14 tháng 9, 2009. Cũng có nhiều chính quyền địa phương cho phép tiến hành bầu cử vào Chủ nhật ngày 13 tháng 9.
 - Tất cả cử tri đã đăng ký sẽ nhận được thẻ cử tri có thông tin về địa điểm và cách thức bầu cử.
 - Vào ngày bầu cử, quý vị phải bỏ phiếu tại khu vực cơ quan hành chính nơi quý vị đăng ký cư trú vào ngày 30 tháng 6, 2009.
 - Có thẻ bỏ phiếu trước tại bất kỳ khu vực cơ quan hành chính nào lên đến và kể cả thứ Sáu ngày 11 tháng 9, 2009.
 - Hiện có thông tin bổ sung tại www.valg.no. Các chính quyền địa phương cũng cung cấp bản dịch của thông tin này.
 - Hãy mang theo chứng minh thư!

- 18 yaşından büyük ya da seçim yılında 18 yaşında olacak Norveç vatandaşları, Norveç'te ikamet etmiş ya da yerleşik ve kayıtlı olurlarsa, Norveç Parlamento seçimlerinde oy kullanma hakkına sahip olacaklardır.
- Seçim, 14 Eylül Pazartesi günü yapılacaktır. Birçok yerel yönetim, 13 Eylül Pazar günü de oy verilmesine izin vermektedir.
- Tüm kayıtlı seçmenlere, nerede ve nasıl oy kullanacaklarıyla ilgili bilgilerin yer aldığı bir seçmen kartı gönderilecektir.
- Seçim günü oyunuzu, 30 Haziran 2009 tarihinde ikamet edip kaydolduğunuz belediye yetki alanı içinde vermelisiniz.
- Önceden oy verme işlemi herhangi bir belediye yetki alanında, 11 Eylül 2009 Cuma gününe kadar -bu gün de dahil olmak üzere- gerçekleştirilebilir.
- Daha fazla bilgiye www.valg.no adresinden ulaşabilirsiniz. Bu bilgilerin çevirilerini yerel yönetimlerden alabilirsiniz.
- Yanınızda kimlik belgesi almayı unutmayın!

الموطنون النرويجيون البالغون من العمر 18 عاماً، أو هؤلاء الذين سبليغون الثامنة عشرة في عام 2009، يحق لهم التصويت في الانتخابات البرلمانية بالنرويج بشرط أن يحصلوا، أو أن يكونوا قد حصلوا، على الإقامة بالنرويج.
تقام الانتخابات في يوم الاثنين الموافق الرابع عشر من سبتمبر/أيلول. كما تسمح العديد من السلطات المحلية أيضاً بالإدلاء بالأصوات في يوم الأحد الموافق 13 سبتمبر/أيلول.

كل الناخرين المسجلين سبقون بطاقة اقتراع تحوي معلومات حول مكان وكيفية الإدلاء بأصواتهم.
في يوم الانتخابات، يجب أن تدللي بصوتك في المنطقة التي تتبع السلطة البلدية التي حصلت منها على الإقامة في 30 يونيو/حزيران من عام 2009.
يمكن الإدلاء بالأصوات المسبقة في أي منطقة تابعة لاي سلطة بلدية قبل يوم الجمعة الموافق 11 سبتمبر/أيلول لعام 2009 وحتى انتهاء هذا اليوم.
للزبيد من المعلومات، يرجى التفضل بزيارة الموقع التالي على الإنترنت www.valg.no. ترجمة هذه المعلومات متاحة أيضاً لدى السلطات المحلية
خذ ما يثبت هوينك معك!

شهر ونوان نزوی کے بالای 18 سال سن دارند، یا کسانی کہ در سال 2009 به سن 18 سالگی می رسند، واحد شرایط رأی دادن در انتخابات پارلمان نزوی می باشد، بہ شرط اپنکے نام آنان بہ عنوان افراد مقیم در نزوی، ثبت شدہ و یا قبلاً بہ ثبت رسیدہ باشد.
روز انتخابات، دوچینہ 14 سپتمبر می باشد۔ پیماری از شوراہائی محل، امکان رأی دادن در روز یکنینہ 13 پیتمبر رائی فراہم می اورن۔
کلیہ رأی دھنگان ثبت نام شد، یک کارت شرکت در انتخابات ساری اطلاعاتی دربارہ اپنکے کجا و چگونہ می توائف رأی دندن، دریافت خواهد نمود۔
در روز انتخابات، باید در حوزہ شهرداری کے نام شما در تاریخ 30 زوئن 2009 بہ عنوان مقیم در ان ثبت شدہ بودہ است، اقدام بہ رأی دادن نمایید۔
آرائی پیش از موعد می توائف در هریک از حوزہ های شهرداری، حداثر تاریخ ۱۱ سپتمبر 2009 و شامل همان روز، بہ صندوق انداخته شوند۔
اطلاعات پیشتر در نشانی اینترنتی www.valg.no موجود است۔ ترجمہ این اطلاعات نیز از طریق شوراہائی محل قابل دسترس می باشد۔
مدرسک شناسایی خود را همراه داشته باشید!

ناروے کے شہری جن کی عمر ۱۸ سال سے زیادہ ہو، یا جو سال ۲۰۰۹ میں ۱۸ سال کے ہو جائیں گے، وہ ناروے کے ربانشی کے طور پر رجسٹر بونے، یا ربے بین کا ثبوت فراہم کرتے بونے، ناروے کے پارلیمنٹی انتخابات میں ووٹ ڈالنے کے ابل بین۔
انتخابات کا ند پیر ۱۴ سپتمبر ۲۰۰۹ بے۔ بہت سی مقامی انتخابیں اتوار ۱۳ سپتمبر کو بھی ووٹ ڈالنے کی اجازت دے رہی بین۔
تمام رجسٹر شدہ انتخاب کنندگان ایک رانے دبی کارڈ وصول کریں گے جس میں معلومات بون گی کہ ووٹ کیبل اور کیس دے سکتے ہیں۔
انتخابات کے دن، اپ کیلئے ضروری ہے کہ ووٹ اس میونسپل انتہاری میں ڈالیں جب اپ ۳۰ جون آپ ۲۰۰۹ تک ربانشی کے طور پر رجسٹر ہوئے تھے۔
پیشگی ووٹ کسی بھی میونسپل انتہاری کے علاقے میں جمعہ ۱۱ سپتمبر ۲۰۰۹ تک ڈالے جاسکتے ہیں۔
مزید معلومات www.valg.no پر دستیاب ہیں۔ ان معلومات کے ترجمے مقامی انتہاریوں کے پاس بھی دستیاب ہے۔
اپنے بمراہ شناختی ثبوت رکھیں!



Utgitt august 2009 av Kommunal- og regionaldepartementet

Publikasjonen er omsett til bokmål, samisk og åtte framandspråk og er å finne på www.valg.no

Kortversjonar for framandspråklege finn du på side 7 og 8

For meir informasjon om valet, sjå www.valg.no

Publikasjonsnummer: H-2229 Nynorsk